

Sakshandsamar:

Eva Moberg
E-post: eva.moberg@sfj.no
Tlf.: 90591452

Vår ref.

Sak nr.: 19/783-8
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

12349/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 13.03.2019

Møtereferat**Referent:** Eva Moberg

Deltakarar:

Jenny Føling (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Olve Grotle (Førde kommune), Ole John Østenstad (Prosjektlear, Sunnfjord kommune), Lise Mari Haugen (Førde kommune), Kjartan Aa Berge (Musea i Sogn og Fjordane), Laura Kvamme (MiSF), Jan Tore Rosenlund (SFFK), Jan Heggheim (SFFK), Eva Moberg (SFFK)

Referat frå møte om utfordringar knytt til Sunnfjord Museum og "Kløften", 12.03.19, Storehagen atrium i Førde

Deltakarane fekk innleiingsvis høve til å kome med sitt syn på prosessen knytt til prosjektet «Kløften». Vidare vart det diskutert korleis ein no kan kome vidare i forhold til løysingar på dei utfordringane ein står overfor på Sunnfjord Museum.

Det vart konkludert slik:

- Søknad til Kulturdepartementet om statlege midlar til «Kløften» vert ikkje fornya. Dette på bakgrunn av brev datert 25.02.19 frå Musea i Sogn og Fjordane til Sogn og Fjordane fylkeskommune, der det vert vist til styrevedtak i MiSF 20.02.19 (sak 6/19) som stadfestar at MiSF ikkje lenger stiller seg bak ein fornya søknad.
- MiSF har ansvar for å finne tenlege løysingar for å ivareta oppgradering av administrasjons- og formidlingsbygg, tilkomst og parkering ved Sunnfjord Museum.
- Kostnadene fylkeskommunen har hatt med prosjekteringa av «Kløften» er 6,8 mill. kroner. Av desse er 3,5 mill. knytt til sjølve forprosjektet, der kostnadene skal delast mellom Førde kommunen og fylkeskommunen. Fylkeskommunen og Førde kommune vil no vurdere å krevje MiSF for deler av prosjekteringskostnadane.
- MiSF legg fram søknad for Sunnfjord Museum med skisseforslag til løysingar og tilhøyrande kostnadsoverslag. For at søknaden skal kunne handsamast politisk i fylkesutvalet 8.april 2019 og i fylkestinget 24. april 2019, må søknaden sendast Førde kommune og fylkeskommunen seinast 19. mars.

Eva Moberg, referent

Jenny Følling, fylkesordførar